Finnås Kraftlag

Referat frå Årsmøte i Finnås Kraftlag SA

Tysdag 14.mai 2019
Rubbhallen, Rubbestadneset

Styreleiar Torleiv Fylkesnes ønska medlemmane og pressa velkommen til årsmøte.

Etter § 7.6 i vedtektene, er det styret som skal peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes leia møtet.

Møtet har med lovleg frist vore kunngjort i Bømlo Nytt 4. og 11.mai, på Facebook og på heimesida til Finnås Kraftlag. Alle medlemmer har motteke skriftleg innkalling. I tillegg er det sendt ut SMS-påminning til alle med registrert mobiltelefonnummer. Sakspapira har vore tilgjengelege på kraftlaget sitt kontor og på heimesidene frå 03. mai 2019.

Det vart registrert 85 medlemmer med til saman 107 røyster.

Sak 1 **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjende, og styreleiar erklærte møtet for lovleg sett.

Sak 2 **Godkjenning av møtebok for årsmøte 08. mai 2018**

Møteboka har vore tilgjengeleg som ein del av sakspapira sidan 3.mai.

Det var ingen merknader, og møteboka for 8.mai 2018 vart godkjend.

Sak 3 **Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to valobservatørar**

Til å skriva under møteboka vart Roar Grønås og Per Ole Fylkesnes valde. Jan Wilhelm Teige og Magne Raknes vart valde til å vera valobservatørar.

Sak 4 **Godkjenna årsmelding for 2018**

Årsmeldinga vart presentert av styreleiar Torleiv Fylkesnes.

Årsmøtet gjekk inn for tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2018 vert godkjend som årsmelding for Finnås Kraftlag.

Sak 5 **Godkjenna resultatrekneskap og balanse for 2018**

Elverksjef Nils Gunnar Gloppen presenterte rekneskap og balanse.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 6 **Gjera vedtak om disponering av overskot**

Kraftlaget har, jamfør samvirkelova og vedtektene, høve til å dela ut gåver til allmennyttige føremål.

Premissar for tildeling av allmennyttige gåver var tilgjengeleg som del av sakspapira.

Styreleiaren presenterte styret sitt framlegg til vedtak:

Resultatdisponering:	
Føreslått utdelt allmennyttige gåver	1 910 000
Overføring til annan eigenkapital	11 654 910
Avsetning til kjøpsutbytte medlemmer *	7 300 000
Sum disponeringar	**20 864 910**

Fylgjande allmennyttige gåver vart gitt:

Resultatdisponering	
Gåvefond disponert av styret	1 200 000
Gilje Bedehus	510 000
Grindheimsvågen Maritime Velforening	200 000
Sum gåver	**1 910 000**

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram.

** Styret føreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra etterbetalinga (kjøpsutbytte) til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2018. Administrasjonen skal sørgje for at etterbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.*

Det var ingen merknader til styret sitt framlegg, og årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak.

Sak 7 **Endring av godtgjersle til styre og valnemnd**

Satsane for styrehonorar vart sist endra på årsmøte i 2017 I vedtaket frå 2017 står det at satsane skal vurderast på ny i 2019.

Vedtak:

Faste godtgjersler vert justert opp med ca. 4,7 %. Dette er i tråd med lønnsvekst i verksemda dei siste to åra. Møtegodtgjersle for andre møter er justert opp. Her tek ein utgangspunkt i ei timelønn på kr. 398.

Faste godtgjersler:

- *Styreleiar kr. 87.800,- (83.800,-.)*
- *Nestleiar kr. 31.600,- (30.100,-.)*
- *Styremedlemane kr.20.900,- (19.900,-)*
- *Møtegodtgjersle for styremedlemane ved styremøte kr. 1648,-(1574)*

I tillegg til møtegodtgjersle kjem eventuelt dokumentert tapt arbeidsforteneste.

Møtegodtgjersle andre møter og kurs for styremedlemane og valnemnd:

- *Møter med fråvær over 4 t kr. 2985,- (2850)*
- *Møter med fråvær under 4 t kr. 1592,- (1520)*

(grunnlag kr. 398 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.
Ny vurdering i 2021.

Sak 8 **Fastsetja godtgjersle til styre og valnemnd**

Av rekneskapen går det fram at lønn og anna godtgjersle til styret og valnemnd er kr 416.108,-.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Godtgjersle til styre og valnemnd vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2018.

Sak 9 Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen går det fram at det for 2018 er betalt kr. 175 000,- for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 158.137,- for tilleggstenester av revisjonsmessig og juridisk art.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vart godteken i samsvar med rekneskapen for 2018.

Sak 10 Velja styre og styreformann

Valnemnda har i denne perioden bestått av fylgjande personar:

Sigbjørn Næsse (leiar), Hilde Markhus, Job Nedrebø, Selma Karin Vestvik og Vidar Nygård.

Desse var på val:	Peri ode:	Verv :	Innstilling frå Valnemnda :
Torleiv Fylkesnes	2 år	Styremedlem	Attval
Anne-Beth Njærheim	2 år	Styremedlem	Attval
Ove Grønås	2 år	Styremedlem	Attval
Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm	1 år	1.varamedlem	Attval
Reinert Røksund	1 år	2.varamedlem	Attval
Stina Raknes	1 år	3.varamedlem	Attval
Torleiv Fylkesnes	1 år	Styreleiar	Attval

Sigbjørn Næsse presenterte valnemnda sitt forslag. Deretter vart valet leia av møteleiaren.

Det kom ingen framlegg til motkandidatar og styret vart såleis attvald i tråd med innstillinga frå valnemnda

Nytt styre for 2019/2020 vert:

Torleiv Fylkesnes Styreleiar
Anne-Beth Njærheim
Eli Furnes
Signe Lund Jansen
Vermund Hjelland
Ove Grønås
Thomas Vespestad (tilsetterepr.) (vara: Tove Lise A. Aasheim)

Observatør frå Bømlo kommune:

Odd Harald Hovland (vara: Morten Helland)

Observatør for tilsette:
Johnny Rolfsnes (vara: Rune Nesse)

Varamedlemmer:

1. Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
2. Reinert Røksund
3. Stina Raknes

Sak 11 Velja revisor

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Deloitte vart vald til framleis å vera revisor.

Sak 12 Velja valnemnd etter forslag frå styret

Fylgjande personar har vore medlem av valnemnda i 2018/19:

Valnemnda	Status	Innstilling frå styret
Vidar Nygård	På val	Kjetil Aga Gjøsæter
Sigbjørn Næsse	På val	Oddgeir Alvsvåg
Hilde Markhus	Ikkje på val	Attval
Selma Karin Vestvik	Ikkje på val	Attval
Job Nedrebø	Ikkje på val	Attval
Leiar:		
Sigbjørn Næsse	På val	Hilde Markhus

Sigbjørn Næsse og Vidar Nygård ønska ikkje attval.

Det kom ingen framlegg om motkandidatar, og årsmøtet gjekk såleis inn for styret sitt framlegg:

Kjetil Aga Gjøsæter og Oddgeir Alvsvåg vart valde som nye medlemmer i valnemnda for 2 år. Hilde Markhus vart vald som ny leiar av valnemnda for 1 år.

Sak 13 Tilpassing til kravet om selskapsmessig skilje

Finnås Kraftlag må omorganiserast for å tilfredstilla kravet om selskapsmessig skilje i energilova § 4-6. Styret har, i tråd med

administrasjonen sine tilrådingar, konkludert med at ein konsernmodell vil vera den mest hensiktsmessige løysinga for å tilfredsstille det nye kravet om selskapsmessig skilje. Det inneber at selskapsstrukturen etter gjennomført tilpassing, vil bestå av noverande Finnås Kraftlag SA som eit samvirkeføretak. Det vert etablert 2 (eller fleire) dotterselskap til Finnås Kraftlag SA der Finnås Kraftlag SA skal eiga 100%. Bakgrunnen for at ein etablerer dotterselskapa som AS'ar, er at eit SA ikkje kan eiga eit SA. Ei omorganisering med etablering av konsernmodell er i samsvar med korleis dei aller fleste energiselskapa tilpassar seg kravet om selskapsmessig skilje.

Vedtak:

For tilpassing til lovpålagt krav om selskapsmessig skilje, vert det etablert eit konsern i Finnås Kraftlag innan 01.01.2021.
Styret i Finnås Kraftlag vert bedne om å setja i verk prosess for etablering av konsern

Etter at siste saka var handsama tok Helge Mæland ordet og takka for gåva til Gilje Bedehus.

Styreleiaren avslutta møtet med å takka for godt oppmøte og for godt vertskap frå Rubbhallen. Avtroppande medlemmer i valnemnda vart også takk med ei blomehelsing.

Bente Steinsland, ref.

Bremnes 23.05. 2019

Torleiv Fylkesnes

Per Ole Fylkesnes

Roar Grønås